

Kommunalt måldokument for forvaltning av hjortevilt i Fjaler - for perioden 2019-2022



Godkjent av Fjaler kommunestyre den 29.04.2019, sak 048/19.

1. Innleiing

Etter Forskrift om forvaltning av hjortevilt (FOR-2016-01-08-12), skal kommunane vedta måldokument for forvaltning av hjortevilt. Dokumentet skal ta omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skade på jord-/ skogbruk, og viltulykker langs veg. Det skal leggest til rette for ei lokal forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjons-messig bruk av viltressursen. Måldokumentet danner grunnlag for godkjenning av bestandsplanar m.m.

Offentlege mål, krav og føringar:

Rammeverket for hjorteviltforvaltninga finn ein i hovudsak i Viltlova, Naturmangfaldlova og Hjorteviltforskrifta. Føremålsparagrafane i Naturmangfald- og Viltlova, danner i lag med forvaltingsprinsippa i Naturmangfaldlova (§§ 4-14) dei grunnleggande retningslinene for Forvaltning av vilt. DN sin strategi for framtidig forvaltning av hjortevilt, DN-rapport 8-2009, trekkjer i tillegg opp viktige linjer for forvaltninga.

Organisering

Det er og har vore eit mål, frå overordna mynde, at forvaltning av utmarksressursane skal gjerast lokalt og med stor medverknad frå grunneigarane. På 2000- talet vart mange oppgåver flytta frå Fylket til kommunane. Det vart vidare opna opp for at grunneigarane kunne søkje om godkjenning av eigne bestandsplanar for forvaltning av hjortevilt. Ei lokalt forankra, forvaltning vart vidare styrka ved revisjon av hjorteforskrifta i 2012 og i 2016. For utfyllande informasjon om «Rolle og oppgåvefordeling» vert det vist til vedlegg nr. 3 til måldokumentet.

I lag med lovendringane vart det i frå det offentlege løyvd midlar til prosjekt som hadde som mål å få til ei meir målretta hjorteforvaltning. Verdfull informasjon om hjorteviltet, har ein fått mellom anna i frå *Overvåkingsprogrammet* til Miljødirektoratet, der NINA har hatt det faglege ansvaret. Programmet gjev informasjon om utviklinga i avskyting, bestandskondisjon, tettleik og bestandsstruktur i norske hjorteviltbestand. Programmet har vore aktivt sidan 1991.

Ulike prosjekt for å auke kunnskapen om hjorteviltet har også vore organisert lokalt av Skogsamvirket og Bondelaga gjennom prosjekta ”Næringsutvikling og drifts-planlegging i Utmark”, ”Målretta hjorteforvaltning – betre ressursutnytting”, og Merkeprosjektet av hjort. Målet var å auke kunnskapen om hjort, slik at ein i framtida kunne få til bestandretta forvaltning med fokus på lokal medverknad og eit godt avgjerslegrunnlag. Sluttrapporten frå Merkeprosjektet, syner mellom anna at areala som tidlegare har vore lagt til grunn ved godkjenning av bestandsplanar har vore for små med omsyn til å kunne realisere ei bestandsorientert forvaltning.

Med bakgrunn i ny kunnskap, sette Fylkeskommunen og Vestskog i 2013 i gang prosjektet, *Forvaltning av hjortebestand 2013-2017*. Prosjektet har hatt som mål å nytte eksisterande kunnskap, for å utarbeide kart over hjorten sin områdebruk, som grunnlag for å etablere ei bestandsorientert forvaltning. Med støtte frå Vestskog, fekk ein i 2016 organisert eit felles

planområde (Ytre Sogn og Sunnfjord Bestandsplanområde, YSSB), som omfattar eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Fjaler, Hyllestad, og deler av Høyanger vest.

Valda som deltok i plansamarbeid for årsleveområdet, fekk godkjent plan for perioden 2016-2018. Planen vart godkjent med bakgrunn i eksisterande kommunale måldokument i samarbeidskommunane.

I Hyllestad og Fjaler skal det i 2018/2019 utarbeidast nye kommunale måldokument. Når kommunane rullerer måldokument, er det vurdert som ein relativt viktig føresetnad, at hovudlinjene (Mål og tiltak) i måldokumenta, i hovudsak er i samsvar. Utkastet til måldokument har derfor vore sendt til administrasjonen i Hyllestad og Høyanger. Det er ikkje kome innvendingar/ innspel på utsendte utkast. Ein har også hatt dialog per telefon. Slik som Fjaler kommune oppfattar det, har ein ei relativ lik oppfatting av status for hjortebestanden i våre område, og fylgjeleg grunnlaget for dei overordna måla som er skissert. Det er vidare administrasjonane i kvar einskil kommune, som utarbeider sine kommunale måldokument, som grunnlag for politisk godkjenning (Høyanger rullerer i 2020). Måla som er sett i måldokumenta, dannar grunnlag for godkjenning av grunneigarane sin bestandsplan. Ny bestandsplan for YSSB skal godkjennast innan 15. juni 2019.

Ved rulling har det vore ynskjeleg å få med seg talmaterialet (Sett-Hjort, fellingstal) for jaktåret 2018/2019. Med bakgrunn av dette vert det tidsmessig noko hektisk, då både måldokument og bestandsplan skal rullerast i løpet av vår/ forsommar 2019. Ein meiner likevel dette er den løysinga som er best, med omsyn til å ha eit best mogeleg kunnskapsgrunnlag før rulling av måldokument/ plan. For å få ein mest mogeleg effektiv prosess, har ein hatt ein tett kommunikasjon med styret i Bestandsplanområde, samt med samarbeidskommunane, I den prosessen, har utkast til nytt måldokument vore sendt ut til fylgjande høyringspartar:

Fjaler Jeger og Fisk, v/ E. Antonisen
Fjaler og Hyllestad Bondelag, v/ Camilla Avedal Ulvik
Fjaler Skogeigarlag v/ Torbjørn Strand
Ytre Sogn og Sunnfjord Bestandsplanområde v/ leiar Morten Torvund

Utover dette har landbruksforvaltning, ilag med styret i planområdet, deltatt i fagmøte på NIBIO Fureneset, der hjort, skade, grovfôrøkonomi, og forvaltning var tema (den 4.3.2019).

Fjaler Skogeigarlag, Hyllestad Bonde og Småbrukarlag, samt YSSB v/ leiar, har gjeve attendemelding.

Både Skogeigarlaget og Småbrukarlaget peikar på at skadepresset på innmark og skog er uakseptabelt høgt i mange område. Faglagane er vidare opptatt av at ein må arbeide for at det kan takast ut meir hjort i dei områda som gjer mykje skade. Innspela er i tråd med utarbeidd kommunalt måldokument, der det er sett mål om at bestanden skal reduserast, og at grunneigarane skal ha tilstrekkelege rammer til å kunne nå målet. Utfyllande informasjon/ kunnskapsgrunnlag knytt til skadeproblematikk, finn ein i vedlegg 2. til måldokumentet.

Leiar i Ytre Sogn og Sunnfjord Bestandsplanområde, gjeve attendemelding om at dei meiner utkastet til nytt måldokument, ser greitt ut, og ein vil vidare ha ein tett dialog utover våren, slik at styret skal kunne få den hjelpe dei ynskjer, med omsyn til arbeidet med å rullere

grunneigarane sin bestandsplan. Landbruksforvaltninga ser slik ikkje grunn til å gjere endringar på måldokumentet, då innkomne høyringssvar i all hovudsak, er i samsvar med dei mål og tiltak som er skissert i måldokumentet.

Måldokumentet vert styrande for godkjenning av bestandsplan for YSSB, samt øvrige saker som vedrører forvaltning av hjortevilt i planområdet, i perioden 2019-2021. Under kjem ein gjennomgang av statusgrunnlaget, som er utgangspunktet for dei mål og tiltak som er skissert.

Arealgrunnlag i YSSB-planområde


Samla areal i planområdet er 715.994daa, der 21 vald er medlemmar i planområdet (416.426daa), og 79 vald får tildelt løy ver frå kommunen (299.568daa). Dei aktive medlemmane i plansamarbeidet, utgjer slik vel 58% av det samla teljande arealet i planområdet. Utfyllande informasjon om valda som inngår i bestandsplanområdet, finn ein i vedlegg 1.

2. Status

Bakgrunn:


Utviklinga i hjortestamma har både nasjonalt og lokalt hatt ei sterk auke, særskilt frå 90-talet. Med bakgrunn i denne situasjonen, har ein hatt både sentrale føringar, samt kommunale/ lokale mål om å redusere/ stabilisere bestanden. Målet har vore å sikre bestandstorleikar som ikkje gjev urimelege skader eller ulemper på samfunnsinteresser som jordbruk, skogbruk eller trafikk, samt å sikre leveområda sin produktivitet og ein god kvalitet på bestanden.

Figuren under syner utvikling i felte dyr i Norge, noko som gjev eit godt bilete av den kraftige veksten ein har hatt i Hjortebestanden. Figuren kan være nyttig, for å få eit oversiktsperspektiv, når ein diskuterer svingingar i bestandsutviklinga, dei siste åra.



Historikk, YSSB:

Figuren under gjev ei oversikt over tildelte og felte dyr i Fjaler og Hyllestad (YSSB, minus Høyanger vest) for perioden 1986-2018. Ein manglar grunnlag frå valda i Høyanger vest, då SSB-statistikk kunn kan hentast ut på kommunenivå, eller høgare. Tala er likevel vurdert som representative oversiktstal.




Frå midten av 80-talet og utover, har ein hatt ei kraftig auke i tal felte dyr, i frå høvesvis vel 300-350 felte hjortedyr årleg, i siste halvdel av 80-talet, til omlag 900 felte hjortedyr årleg kring år 2000. I frå slutten av 90-talet og utover til 2005, har ein i større grad hatt ei periode med stabilisering.

I perioden 2006-2009, har ein igjen auke i felling, og fellingsnivået ligg i denne perioden rekordhøgt. I perioden 2010-2015 opplever ein noko nedgang frå toppåra, før ein igjen får vekst i fellingstala i siste planperiode. Nedgangen etter 2008 til 2010, har vore antatt å ha samanheng både med at ein har hatt rekordhøge fellingsnivå, samstundes som ein fekk eit par strenge vintrar på kysten (og i innlandet). I 2015 hadde ein noko spesielle vêrtilhøve, med sein vår som påverka utmarksbeita, og mange melde om at hjorten stod i høgt i terrenget under jakta.

Tala for YSSB samsvarar godt med tala for Sogn og Fjordane/ resten av landet. Ser ein på Felling av hjort i Norge, vart det i 2017 og 2018, felt 42.541 og 42.721. Tala for 2018 er førebels usikre. Tala er henta frå Hjorteviltregisteret, offisiell rapport frå SSB er klar 20. mars. I 2017 passerte ein for første gang 40.000 (42.541) felte hjort i Norge, og går ein tilbake til år 2000, vart det felt omtrent 22.000 hjort i Norge. Tilsvarende felte ein for første gang meir enn 12.000 hjortedyr (12.822) i Sogn og Fjordane i 2017. Tala syner at hjortebestanden har vore svært høg, både nasjonalt og i våre områder dei siste ti-åra.

Fellingsstatistikk, valda i YSSB:

Figuren under syner fellingsstatistikk i YSSB for perioden 2008-2018. Ein har valt å ikkje nytte data før 2008, då datasetta (fellingsstatistikk, Sett-Hjort observasjonar) er noko mangelfulle før 2008.



linjediagrammet syner fellingstala for alle valda som inngår i planområdet (Hyllestad, Høyanger og Fjaler). Statistikken syner at felling generelt har vore høge sidan starten av 2000-talet. Ser ein på siste planperiode, har ein i perioden 2016-2018, felt 3.980 hjortedyr, eller eit årleg snitt på 1327 hjortedyr. Dette er eit rekordhøgt fellingsnivå, sjølv samanlikna med toppåra 2008-2010, der det i det tilsvarende området, var felt 3802, eller 1267 hjortedyr i snitt per år.


Ser ein på einskildår, så er det i 2018 felt 1442 hjortedyr i planområdet, som er ein auke på høvesvis, 7,8% samanlikna med jaktåret 2017, 20% auke samanlikna med 2016, og om lag 41% auke samanlikna med felling i 2015. Fellingstala indikerer høg hjortetettleik i planområdet.

Både fellingstala, samt Sett-Hjort tala indikerer at ein ikkje har nådd målsetting om å stabilisere Hjortebestanden i føregåande planperiode. Fellingstala samsvarar med trenden i Indeksar frå Sett-Hjort-registreringa, presentert seinare i dokumentet.

Fordeling i jaktuttaket

Ser ein på fordelinga i jaktuttaket, så har ein i føregåande bestandsplanperiode hatt eit mål om å stabilisere hjortebestanden, men samstundes halde oppe eit godt avskytingstrykk. I grunneigarane sin bestandplan, var det lagt opp til å hauste ein høg del tilvekst (særskilt kalv), og samstundes ha eit meir forsiktig avskytingstrykk mot eldre dyr. Samstundes skulle ein ha fokus på god kjønnsbalanse i det samla jaktuttaket.

Figuren under syner den prosentvise fordelinga mellom tilvekst (kalv/ungdyr) og eldre dyr i det samla jaktuttaket, for perioden 2008-2018.



For perioden 2016-2018, så har ein auka avskytinga av tilvekst, til omlag 65%, dvs. om lag 35% eldre dyr, parallelt med at ein har oppretthaldt eit høgt jaktuttak. Dette samsvarar med valda/planområdet sine skisserte mål om ein høg del kalv/ungdyr i uttaket. Årsaka til ein samla auke i tilvekst i planperioden er i hovudsak eit auka uttak av kalv, og i snitt har kalveuttaket auka frå om lag 22% i tidlegare år, til om lag 28% i planperioden. Fordelinga er vurdert som god, med omsyn til å auke alder og kvalitet i bestanden, men det er samstundes viktig å sikre at eit høgt uttak av tilvekst, ikkje resulterer i at ein får eit framhald av vekst i hjortebestanden. Å sikre robuste bestand/bestandsstorleikar, kan være vesentleg også med omsyn til å redusere effekten av sjukdom.

Tilråding om å ha eit høgt uttak av tilvekst i det samla jaktuttaket, har gått igjen i mange bestandsplanar, og heng i saman med ynske om å oppretthalde hjortebestand med ein god kvalitet/aldersfordeling. Data frå overvåkingsprogrammet, syner at tette hjortebestandar har ført til at både kondisjonen og produktiviteten til Hjorten har vorte redusert ifrå 90-talet og dei på-fyljande tiåra. Tilrådingane frå fagmiljø som Utmarksavdelinga til Vestskog, og Hjortesenteret, har slik vore å ha eit meir forsiktig uttak av kapitaldyr for å auke andelen eldre dyr, samstundes som ein har fokus på god kjønnsbalanse. Ein låg del eldre vaksne dyr, har særskilt vore gjeldande for hanndyra, noko som er ugunstig, med omsyn til den biologiske funksjonen vaksne bukkar har.


Johan Trygve Solheim ved hjortesenteret har skrive eit par artiklar om alders-/kjønnsfordeling som set fokus på dette temaet:

<https://www.hjortesenteret.no/2017/04/14/kalveskyting-til-besvaer/#comment-63>

<https://www.hjortesenteret.no/2017/11/22/er-det-galt-a-skyte-mye-bukk/>

Aldersfordeling i jaktuttaket, dyr eldre enn kalv:


Figuren under syner kjønnsfordeling hjå alle dyr eldre enn kalv, i jaktuttaket i perioden 2008-2018.



Tala syner at det generelt har vore eit tilnærma kjønnsbalansert uttak i perioden. Ser ein på Sett-Hjort Indeksen Sett kolle per bukk, så er denne indeksen relativt stabil kring 1,65 kolle/ bukk for ti-årsperioden. Dette er vurdert som eit relativt rimeleg greitt kjønnsforhold, noko som kan spegle den samla kjønnsfordelinga ein har hatt i jaktuttaket for planområdet dei siste åra.

I Naturlege bestand er kjønnsfordelinga om lag 1:1. Vert andelen koller/ bukk for høg, får ein meir produktive bestand. Om det vidare er ein for låg del vaksne bukkar i bestandet, så vil dette kunne påverke kva individ som får vidareført sine gen. Dei vaksne brølebukkane har ein biologisk funksjon, ved å synkronisere brunsten, og gje tidleg kalving m.m. I naturlege bestand, er det i hovudsak dei sterkaste individa (ofte 8-12 år gamle) som styrer denne kampen. Ein bør slik være merksam på å oppretthalde ein god kjønnsbalanse i det samla jaktuttaket. For å unngå ei avskyting, som forsterkar ein skeiv kjønnsbalanse, har det slik ofte vore rekna som fagleg tilrådeleg, å ha noko overvekt av hodyr i det samla jaktuttaket, og ikkje rette for hard avskyting mot eldre kapitaldyr. Hanndyra har vidare ein høgare naturleg dødelegheit samanlikna med hodyra.


Ser ein på perioden 2017-2018, er det ein trend at andelen hanndyr i jaktuttaket har auka. Dette er ei utvikling ein bør være merksam på i kommande planperiode. Figuren under syner kjønnsfordeling hjå fjordyra i YSSB, periode 2008-2018.



Figuren syner at i 2008-2018, så har ein hatt ei overvekt av spissbukkar, med unntak av åra, 2009, 2013, og 2016. I åra 2017 og 2018 har ein hatt ei markant overvekt av hanndyr i det samla uttaket. Dette skyldast i all hovudsak at ein har hatt eit relativt høgt uttak av spissbukkar, samanlikna med fjorkoller. I 2018 er det til dømes skutt 305 spissbukkar, og 229 fjorkoller i planområdet. I sum for 2017 og 2018 er det skutt 594 spissbukkar, og 461 fjorkoller i planområdet. Dette gjev ei prosentvis kjønnsfordeling på høvesvis knapt 43,6% fjorkoller, og 56,3% spissbukkar.

Ei slik skeivfordeling bør ein unngå over tid. Det kan derfor være tilrådeleg å ha fokus på å auke jakttrykket mot fjorkoller, noko som vil kunne medføre at nokre små eldre koller, kan verte feilfelte. Dette uansett vurdert som meir tilrådeleg, enn ei systematisk skeivskyting over tid, i disfavør hanndyra. I denne samanhengen er det naudsynt å fylgje med på utviklinga i bestandsindeksane (sett spissbuk/ bukk, og sett kolle/ bukk.). Per i dag er Sett-Hjort indeksen «Sett kolle/ bukk», vurdert som god.

Figuren under syner utvikling i aldersfordeling i jaktuttaket for perioden 2008-2018




Figuren syner at ein har fått til ei vesentleg auke i tal felte kalv (blå og raud linje), om ein samanliknar planperioden, med dei føregåande åra. Samstundes er det ein trend at ein har fått ei meir forsiktig avskyting av eldre dyr (oransje og lyseblå linje, litt auke i 2018). Utviklinga er i tråd med mål skissert i bestandsplan.

Når det gjeld uttak av spissbukkar, svingar uttaket kring 20-22% dei siste åra. For Fjorkollene har uttaket låge relativt stabilt kring 18%, men med ein trend til eit lågare uttak i 2017 og 2018. Eit lågare uttak av fjorkoller, samanlikna med spissbukkar, bidreg til den kjønsmessige ubalansen, ein registrerar for 1 1/2 –års gamle dyr.

Sett Hjort indeksar

For perioden 2006-2018 har ein relativt stabile Sett-Hjort data (tal jaktfelt som har levert skjema) for hovuddelen av valda som inngår i YSSB. Figuren under syner utviklingstrend i bestanden i perioden.




Sett-Hjort indeksen indikerer ei auke i hjortestamma i perioden 2016-2018. Sett-Hjort tala samsvarar med fellingstala, der fellingstala for planperioden, i snitt er høge, samanlikna med snittet i føregåande tre-årsperiode. I perioden 2006-2015 er Sett-Hjort relativt stabil kring 1,85 Sett Hjort per jegerdag, med unntak av åra 2006, 2011, og 2015. Sett-Hjort-tala samsvarar relativt godt med fellingstala, der ein hadde lågare felling i 2011/ 2012, samt i 2015. Nedgang i felling i 2011/ 2012, har vore sett i samanheng med at det var felt mykje hjort i perioden 2008-2010, samstundes som ein hadde eit par vintrar som var vesentleg meir kalde og snørike enn det som er normalt i våre område. I 2015 var det lågare felling i mange kommunar i Sogn og Fjordane. Også her er fellingsnedgangen vurdert i samanheng med ytre årsaker, der spesielle vêrtilhøve gjorde jakta vanskeleg, der ein hadde ein svært sein vår, og mange opplevde/ melde om at hjorten stod høgt i terrenget utover hausten.

I dei påfølgande åra 2016-2018, er vidare Sett-Hjort indeksen rekordhøg. I kva grad noko vanskelege jakttilhøve i 2015 har gjeve ein vekst i bestanden, vert mest spekulasjon. Uansett så indikerer både Sett-Hjort indeksen og fellingstala, at ein har hatt ein uønskt bestandsvekst i denne perioden.

Dette er ikkje samsvar med målsetting i kommunale måldokument, eller mål sett i grunneigarane sin bestandsplan. I kommande planperioden vert det slik naudsynt å fylgje utviklinga tett for å sjå om trenden med auka hjortetettleikar held fram, eller om det høge fellingsnivået i 2017 og 2018, er starten på ei periode med reduksjon av hjortestamma i våre område.

Bestandsstruktur

Figuren under syner indeksane sett kolle per bukk, sett kalv per kolle, og sett spissbukk per bukk. Indeksane seier noko om kjønnsstilhøve, produktivitet, og aldersfordeling hjå hanndyra i bestanden.




Indeksen Sett-Kolle per bukk ligg imellom 1,5 og 1,8 kolle/bukk i perioden 2008-2018, og er generelt relativt stabil. I perioden 2008-2013 er det ein trend at andelen kolle/ bukk har vore aukande (frå om lag 1,5 til 1,8), medan i perioden 2013-2018 er trenden ein reduksjon i tal observerte koller per bukk. I planperioden ligg Sett/ kolle per bukk på om lag 1,6, noko som er vurdert som godt. Når det gjeld Sett kalv per kolle, så ligg denne indeksen kring 0,66 i perioden 2008-2018. Dette er rekna som eit stabilt nivå, og indikerer at ein har ein normalt god produktiv bestand.

Sett spissbukk per bukk seier noko om aldersfordelinga mellom hanndyra. Indeksen svingar ein del i løpet av perioden 2008-2018, også mellom einskilde år, det er slik vanskeleg å fastslå om det er ei endring i alderssammansetting blant hanndyra. Dette er uansett noko som må fylgjast med på over tid.

Jakttrykk

Figuren under syner indeksane, «Prosent felte dyr av observerte dyr», for kategoriane bukk, koller og kalv. Om ein samanliknar planperioden (2016-2018), med føregåande jaktår (2008-2015), så indikerer tala at ein har redusert jakttrykket mot bukkar og koller, samstundes som ein har auka jakttrykket mot kalv. Indeksane samsvarar med utviklinga i fellingstala, samt med dei mål som grunneigarane har sett i sin bestand-/ avskytingsplan. Figuren syner vidare at det framleis er fleire av bukkane som vert observert, vert felt, medan jakttrykket generelt er vesentleg lågare mot kalv og

hodyr. Indeksen indikerer slik at det burde være mogeleg å sikre ein god alders- og kjønnsbalanse i jaktuttaket, i kommande planperiode.



Slaktevekter, YSSB


Ein viktig parameter for vurdering av bestandskvaliteten, er utvikling i slaktevekter. Erfaringar frå overvåkingsprogrammet for Hjortevilt (1991-2011, NINA, Rapport 885, og Hjortevilt 1991-2016, Rapport 1388), syner at både slaktevektene og produktiviteten hjå 2-årige koller har vorte redusert i perioden med sterk auke i bestandstettleik (1991-2011, rapport 885).

Lenke til rapporter overvåkingsprogrammet:

<https://www.nina.no/archive/nina/PppBasePdf/rapport/2012/885.pdf>

<https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2453679>

Figuren under syner utvikling i slaktevekter i perioden 2008-2018, for planområdet



Slaktevektene i måleperioden er relativt stabile. Det er slik vanskeleg å seie at utviklinga av slaktevekter går i «rett» eller «feil» retning. Dette er uansett ein indeks ein må fylgje med på over tid, og ikkje minst vil det være relevant å sjå på korleis ei eventuell endring i bestandsstoleik, vil kunne påverke slaktevektene. I registreringsperioden 2008-2018 har ein hatt ein relativt stabil høg bestandstettleik. Det er slik ikkje venta at bestandssituasjonen i noko særleg grad skal ha påverka slaktevektene. Etter kvart som ein får lengre tidsseriar, vil det kunne verte enklare å sjå trendar.

Mange av valda har vidare hatt fokus på uttak av små dyr i dei siste planperiodane. Bevist seleksjon av mindre dyr, vil kunne påverke slaktevektene. Om ein vidare klarer å auke alder/ kvalitet i bestanden, samt redusere bestandsstorleiken, er det venta at ein vil kunne sjå ein auke i slaktevektene, men dette vil kunne ta tid. Tal frå *Overvåkingsprogrammet* syner at ein hadde høgare slaktevekter kring 1990, og den negative kvalitetsutviklinga sidan den gang, er sett i samanheng med sterk auke i bestandstettleik utover 90- og 2000-talet. Utvikling i slaktevekter må slik vurderast i eit langsiktig perspektiv, og sjåast i samanheng med den generelle utviklinga i hjortebestanden.

Oppsummering.

- Med bakgrunn i den bestandsutviklinga ein har hatt dei siste ti-åra, så har ein i planperioden 2015-2017, hatt mål om å stabilisere storleiken og auke kvaliteten i hjortebestanden. Uttaket har av denne grunn vore styrt mot eit høgt uttak av tilvekst (særskilt kalv), og eit meir forsiktig uttak av eldre produksjonsdyr.
- Både Sett-Hjort tala, samt fellingsstala har auka i planperioden, noko som inneberer at ein ikkje har klart å nå mål sett i tidlegare kommunale måldokument, samt grunneigarane sin bestandsplan, om å stabilisere bestanden. Attendemeldingar i frå faglag/ næring, støttar vidare opp om at skadepresset mot næringa er uakseptabelt høgt i mange område.
- Med bakgrunn i dette, er det sett mål om å redusere hjortebestanden/ skadepress mot næring, i den kommande planperioden.

- Når det gjeld aldersfordeling i jaktuttaket, så samsvarer fellingstala relativt godt, med dei mål som var skissert i bestandsplan. Dette inneberer at ein samla sett for planområdet har fått til eit vesentleg høgare uttak av kalv, og samla sett om lag 65% tilvekst, og 35% eldre dyr.
- Når det gjeld kjønnsfordeling i jaktuttaket, så er det ein trend til ei overvekt av hanndyr i jaktuttaket, særskilt i 2017 og 2018. Dette er i hovudsak knytt til ei kjønnsmessig skeivskyting av fjorddyr, i disfavour spissbukkane (mest markant i Fjaler). Dette er noko ein bør ha fokus på i kommande planperiode, slik at ein førebyggjer ei kjønnsmessig skeivskyting av bestanden.
- Bestandsindeksen Sett kolle/ bukk, er vidare vurdert som god. Det er vurdert som tilrådeleg å stabilisere denne kring 1,5, framfor å auke den mot 2.0 koller per bukk, eller høgare. Tilsvarande indikerer indeksen Sett kalv/ kolle at ein har normalt produktive hodyr i bestanden.
- Indeksen Sett spissbukk per bukk, er noko springane mellom åra, men det kan være ein tendens til ein auke i tal spissbukkar/ eldre bukk, for dei siste åra. Tendensen er likevel at denne indeksen svingar mykje mellom år, og ein må slik fylgje med på denne over tid. Ei god kjønns- og aldersfordeling i jaktuttaket, vil kunne førebyggje utilsikta skeivheiter i kjønns- og alderssamansetnad.
- Indeksen for jakttrykk (tal felte dyr av sette dyr), indikerer at ein generelt har eit høgare jakttrykk retta mot hanndyra, og eit meir moderat jakttrykk retta mot kalv og hodyr. Det er likevel ei positiv utvikling, etter at grunneigarane har organisert seg i planområde, der ein mellom anna har sett mål om eit høgt uttak av tilvekst (særskilt kalv), for å auke kvaliteten i bestanden. Jakttrykk indeksen, syner at det er ei auke i tal felte kalv, sett i høve tal observerte kalv, og indikerer slik at grunneigarane har fokus på mål- og tiltak sett i grunneigarane sin bestandsplan. Indeksen syner vidare at det er mogeleg å rette både eit høgare jakttrykk mot hodyra (sikre god kjønnsbalanse/ førebyggje bestandsvekst), samt halde oppe eit høgt uttak av tilvekst (betre aldersbalanse).

Mål og Tiltak: kommunalt måldokument 2019-2021:

For at ein skal kunne styre mot ei ynskja utvikling er det naudsynt med konkrete og målbare målsettingar. Måla skal i tillegg spegle offentlege krav og føringar som ligg til grunn for forvaltning av hjortevilt. Målsetjingane er slik delt inn i hovud- og delmål. Mål skal nåast ved konkrete tiltak knytt til spesifikke delmål.

Hovudmål

Hovudmålsettinga for hjorteforvaltninga er å ha ei sunn hjortestamme som gjev eit haustbart overskot sett i høve til leveområda sin produktivitet og mangfald. Forvaltninga skal vidare sikre ein bestandsstorleik som ikkje fører til uakseptable skader knytt til skogbruk, jordbruk, trafikk og andre samfunnsinteresser.

Hjortestamma må reduserast vesentleg innan utgangen av 2021. Det må ut frå ei bestandsvurdering og ut frå omsynet til andre samfunnsinteresser setjast ei målsetjing om at bestanden vert redusert med 40 % i høve til estimert nivå i 2018.

Delmål 1: Bestandsstorleik

Redusere hjortestamma til eit passande nivå sett i høve til andre samfunnsinteresser som skogbruk, jordbruk, husdyrproduksjon og påkøyrleproblematikk

Evalueringsgrunnlag bestandsstorleik:

- *Evalueringsmål: redusere og stabilisere Sett Hjort/ jegerdag kring $1,3 \pm 0,2$ Sett-Hjort/ jegerdag. I kva grad dette er eit passelig nivå, må samkøyrast med tilbakemeldingar frå mellom anna næringa.*
- *Datagrunnlag som påkøyrlestatistikk, og data for kvalitetsutvikling i bestanden, samt kunnskap frå forsøk (eks. beiteskedeforsøk) m.m. skal nyttast for å vurdere om ein har ein akseptabel bestandsstorleik sett i høve hovudmålsettinga for hjorteforvaltninga.*

Tiltak:

- Sikre at den grunneigarstyrte forvaltninga har tilfredsstillande rammer, til å kunne nå det målsettingar som er sett i måldokument, og bestandsplan.
- For å oppnå bestandsreduksjon i samsvar med målsetjinga må tiltaksdelen dimensjonert for det. Avskytinga må aukast vesentleg, avskytinga av kalv må aukast, og særleg uttaket av ungdyr av hodyr må aukast markert.
- Legge til rette for ei grunneigarstyrt planbasert forvaltning, som aukar fleksibilitet med omsyn til å løyse utfordringar og utnytte moglegheiter knytt til forvaltning av hjorteviltet

Kommentar til mål/ tiltak:

Tett dialog med næringa er viktig for å kunne vurdere kor vidt ein når dei mål, med omsyn til å redusere uakseptabelt skadepress på skog og innmark. For å få eit evalueringsgrunnlag forankra i data samla inn under jakta, vil ein som måleparameter, nytte Sett-Hjort per jegerdag, for å sei noko om retninga i bestandsutviklinga. I kommande periode har ein til dømes ein målsetnad om å

stabiliserast Sett-Hjort per jegerdag, kring 1,1-1,5. Kor vidt dette er eit passeleg nivå, med omsyn til å hindre uakseptabel skade, veit ein ikkje. Ein må slik gjere nye vurderingar, og eventuelt justering av mål og tiltak, når og vist ein ser at dette er naudsynt. Det som er vesentleg i kommande planperiode, er at ein når mål om reduksjon av bestandsstorleik, og at ein ikkje får vidare vekst i hjortebestandane i våre område. Tilsvarande er det vanskeleg å sette ei absolutt kvantitativ grense for skade på innmark/ skog (jamfør innspel frå Skogeigarlaget), då det på utsette areal, i einskilde år, kan oppstå vesentleg skade, sjølv om ein gjennomfører vesentleg reduksjon av bestanden.

Delmål 2: kvalitet i hjortestamma

Ein ynskjer å oppnå:

- Ein passeleg bestandsstorleik med god alders- og kjønnsbalanse i levande bestand
- Normalt god produktivitet i bestandet
- Auke slaktevekter
- Robuste bestand, som i størst mogleg grad kan tole sjukdom, harde vintrar m.m.

Måleparameter/ tiltak:

- Legge til rette for at valda har dei rammene som trengst for både rett mengde, samt rett type dyr, jamfør skisserte målsettingar.
- Kommunen skal ikkje godkjenne bestandsplanar, som legg opp til ei vesentleg skeivskyting av bestanden. Det skal være samsvar mellom mål- og tiltak.
- Ved tildeling i høve til § 21 Målretta avskyting (vald utan bestandsplan), vil ein ta omsyn til mål sett i grunneigarane sin bestandplan, samt i kommunale måldokument.
- Nytte tilgjengeleg kunnskap (eks. Overvåkingsprogrammet), og legge til rette for at valda kan nytte innleigd fagkompetanse ved utarbeiding av sine planar (støtte frå Viltfondet).

Delmål 3: Organisering av forvaltinga

Forvaltninga av hjort skal så langt det er råd utøvast lokalt og i tråd med bestandsforvaltningsprinsippet.

Bakgrunn:

Tildeling av hjort i høve til bestandsplan bør vere hovudregelen. Det er styret i YSSB som organiserer hovuddelen av grunneigarane i planområdet. Styret i YSSB er slik i samarbeid med valda, ein viktig instans for å få til ein god prosess og samhandling mellom jaktrettshavarar og kommunen.

Konkrete verkemiddel er:

1. Legge til rette for ei bestandsorientert og kunnskapsbasert forvaltning av hjorteviltet. Økonomiske og pedagogiske verkemiddel skal takast i bruk (Viltfondet).
2. Kommunane bør ilag med styret i YSSB, stimulere til å arrangere fagmøte om hjort, og/ eller vurdere å gje støtte frå Viltfondet til deltaking på fagseminar, og til innleige av fagpersonell.

3. Ta initiativ til større grad av samarbeid internt i kommunen, samt med nabokommunar der dette er føremålstenleg.

Delmål 4: Skade på næring

Skadeomfanget på innmark og skog skal reduserast

Bakgrunn:

Tilbakemeldingar frå næringa/ faglaga, samt Hjortedata, indikerer at skadeomfanget på skog og innmark er for høgt i mange område. Dette inneberer økonomiske tap for grunneigar som ein etter dagens lovverk ikkje har høve til å kompensere for økonomisk. Det viktigaste tiltaket i høve hjorteskade er derfor at ein klarer å redusere hjortestamma til eit bærekraftig nivå, og deretter stabilisere hjortestamma på eit akseptabelt nivå (Delmål 1), med omsyn til nærings- og andre næringsinteresser. Det kan vidare være naudsynt å gjere ytterlegare tiltak/ tilpassingar med sikte på å redusere lokale skadeproblem og senke konflikt knytt til skade.

Forslag til konkrete tiltak kan være:

- Regulering av bestandsstorleiken: Regulering av bestanden og uttak av skadedyr skal så langt det let seg gjere utførast innanfor ordinær jakttid, og innanfor valdet si tildelte kvote.
- Sikre at valda/ planområdet har tilfredsstillande rammer, for å kunne nå dei mål som er sett i måldokument, og godkjente bestandsplaner.
- I område eller på bruk med mykje dyr/ skadeproblematikk er det naturleg å ha eit høgare uttak av dyr enn i områder med låg skadebelastning.
- Internt i valda bør ein ta særskilt omsyn til skade, der dette er dokumentert.
- Eit høgare uttak kan sikrast ved omfordeling av løyver, eller ved at grunneigarane samarbeider for å få tatt ut dei løyva som ein har tilgjengeleg i valdet, eller ved at ein set av ein del av årets kvote, som premiering for jaktuttak, eller som middel for å redusere skade
- Uttak av leiardyr/ familiegrupper kan være effektivt på utsette areal
- På areal som er særskilt eksponerte for skade, bør ein i nokre tilfelle vurdere gjerding.
- Tilskot frå Vilfondet kan nyttast til gjerding på bruk m/ mykje skade

Delmål 5:

Forvaltninga skal bygge på best mogeleg avgjerslegrunnlag.

Bakgrunn:

Det er naudsynt for forvaltninga å ha eit best mogeleg vurderingsgrunnlag. Det er slik viktig med ei god lokal tilslutning til gjennomføring av dei ulike datafangstmetodane.

Konkrete tiltak er:

1. Arbeide for betra kunnskap/oppslutning med omsyn til innsamling/bruk av Sett-Hjort.
2. Informasjon og opplæring av nye jegerar i bruk av Sett-Hjort registrering, og bruk av Hjorteviltportalen/ Sett og Skutt (elektronisk levering av hjortedata).
3. Sikre god skjemaflut for raskast mogeleg tilbakemeldingar på bestandsutvikling.
4. Registrere Sett-Hjort og slaktevektdata i hjorteviltregisteret etter jaktslutt.
5. Samle inn biologisk materiale (eks. kjevar) for betra kontroll og kunnskap.
6. Sikre samsvar mellom slaktevektskjema og fellingsrapport til kommunen. Rapportere fellingsdata til SSB seinast 30 dagar etter jaktslutt.

Ansvarleg: Valda, NJFF lokallag, og kommunen.

Delmål 6:

Arbeide for at hjorten kan nyttast til gode for landbruksnæring og turisme

Bakgrunn:

Om ein reknar førstehandskjøtverdi av hjorten som vart skoten i YSSB i 2011 (1442 hjortedyr, snittvekt \approx 41kg/ høgt kalveuttak), så ligg den samla verdien kring 4 mill. kroner, om ein reknar ein kjøtverdi kring 70kr per kilo. Hjorten representerer slik ein vesentleg ressurs. Utvikling av denne ressursen vil slik kunne skape meir næringsutvikling i landbruks- og utmarksnæringa.

Konkrete tiltak:

1. Gjere tilskotsordningar rundt temaet kjend for grunneigarane
2. Legge ut relevant informasjon om kurs etc. på heimesida til kommunen.
3. Arrangere fagkveld der næringsutvikling tufta på hjorteviltressursen er tema.

Delmål 7:

Irregulære avgangen i hjortebestanden skal være så låg som mogeleg, og årsaka til avgang skal så langt det er råd avdekkast

Bakgrunn:

Med irregulær avgang meinast dyr som vert påkøyrd i trafikken og anna avgang som ikkje skuldast jakt. Det er Ettersøksringane i dei ulike samarbeidskommunane, som i saman med kommunen følgjer opp sakene i felt.

Forslag til Tiltak:

1. Ved funn av døde dyr skal ein så langt det er mogeleg forsøke å kartlegge årsak. For Fallvilt eldre enn 1år, skal det takast ut CWD-prøve (hjerneprøve for å kunne påvise hjortesjukdommen Skrantesjuka).
2. Døde dyr som er til openberr sjenanse eller til fare for drikkevasskjelder, skal handsamast som avfall og gravast ned på eigna stad.
3. Aktuelle stader for hjortepåkøyrslar skal registrerast ved hjelp av hjorteviltregisteret, slik at informasjonen er tilgjengeleg for førebyggjande arbeid
4. All irregulær avgang skal registrerast i databasen: www.hjortevilt.no. Informasjonen vert rapportert til Statistisk sentralbyrå etter jaktårets slutt.
5. Arbeide for betra haldningar med omsyn til rapportering av påkøyrslar og anna irregulær avgang.